

# TERJE TORKILDSEN

– Eit digitalt DKS-opplegg for elevar på ungdomskulen



Klikk på mellomtitlane for YouTube-lenker. Under finn du også spørsmål til elevane.

## Kort om DKS-opplegget:

Mitt namn er Terje Torkildsen og er eg forfattar, komikar og skodespelar. Store delar av året reiser eg rundt og vitjar skular over heile landet. Eg veit ikkje kor mange skuler eg har besøkt, men det er hundrevis, ja eg trur faktisk at eg har verdsrekordsrekord i å vitja norske ungdomsskular.

Eg reiser også på turné i andre land og eg er nok den einaste norske forfattaren som har halde skrivekurs på Madagaskar. Men no er det er andre tider: Det er korona-tider. Skulane funkar ikkje lenger og eg får ikkje reisa på turné. Eg har difor laga tre digitale forfattarbesøk som du kan klikka deg inn på i teksten under. Det første er ei opplesing, det andre er ein kombinasjon av lesing og prat og det tredje berre tullprat. Ha det løyte!

## Film 1: Memento mori

I dette klippet les eg opningsnovella frå boka *Stavanger Stories 1: Memento mori*. Dersom du tykkjer det er tåpeleg å sitja og glana på ein skalla tulling som les ei bok, kan du lukka auga og høyra på klippet som lydbok.

- *Kva betyr tittelen Memento mori og kva språk er det? Kvifor trur du forfattaren har vald denne tittelen?*
- *Klarer du å finna tre litterære verkemiddel i novella?*
- *Memento mori er henta frå novellekransen Stavanger Stories. Kva er ein novellekrans?*
- *Torkildsen har sagt at han ønskjer å skriva film i bokform. Kva trur du han meiner med det?*
- *Forfattaren har også erfaring som skodespelar. Klarer du å finna klipp frå tre filmar han har medverka i?*

## Film 2: Dystopi

Frykten for koronaviruset gjer hovudgater og hyttegrender folketomme. Fly er sett på bakken, grenser er stengde og folk hamstrar dopapir og hermetikk. Det høyrest ut som ein dystopi, men det er røyndom. For nokre år sidan skreiv eg firebokserien *Dystopia* og i dette klippet les eg frå denne og snakkar om det dystopiske.

- *Finn ut kva tid Dystopia-serien blei utgitt og namnet på forlaget.*
- *Finn minst fem eksempel på andre dystopiar.*
- *Finn minst tre eksempel på andre robinsonadar.*
- *Trur du det kan vera farleg for ungdom å lesa om sivilisasjonar som kollapsar når me er midt oppi koronakrisa?*
- *Torkildsen meiner at det alltid må vera håp i forteljingar for barn og unge. Er du einig i det?*

### **Film 3: Humor**

Eg har alltid vore fascinert av humor og begynte å jobba som komikar lenge før eg blei forfattar. Etter eg begynte å skriva, har eg grubla mykje på korleis eg kan få lesarane mine til å le. Kva er humor eigentleg? Kva er det som får oss til å flira? I dette klippet snakkar eg om humoristiske verkemiddel med utgangspunkt i *Humorboka*, som eg laga saman med Sindre Goksøyr i 2017. Her bør det vera mogleg å både læra noko og le av noko.

- Skriv ned formelen for humor: \_\_\_\_\_ + \_\_\_\_\_ = morosamt
- Skriv ned minst fem av dei humoristiske verkemidla som Torkildsen nemner.
- Lag ein «Alle barna-vits» med ditt eige namn.
- Lag ein «Yo mama-vits».
- Lag ein parodi på eventyret om Bukkane Bruse. Bruk dei du bur med i rollene.